



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 31.08.2016

Sak nr.: 16/6166-3

Internt l.nr. 28923/16

Sak: 22/16

Tittel: Felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Hovudutval for opplæring vedtek det reviderte fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane slik det går fram av vedlegg 1.
2. Fråværsreglementet gjeld frå 1.8.2016.
3. Det skal visast til fråværsreglementet i skulane sine ordensreglement. Fråværsreglementet skal også følgje som vedlegg til ordensreglementet.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for opplæring sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. HO vedtek det reviderte fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane slik det kjem fram av vedlegget 1.
Tilføyning til punkt 4 a)
Obligatorisk kurs i glattkjøring, langkjøring og oppkjøring til førerprøva vert å rekne som lokal velferdsgrunn (obligatorisk del av kjøreopplæringa.)
2. Fråværsreglementet skal gjelde frå 1.8.2016
3. For kravet til dokumentasjon må skulane utarbeide rutinar i samarbeid med aktuelle samarbeidspartar. Ein må sjå til at rutinane vert så smidige at dei ikkje belastar nokon av partane meir enn nødvendig. Administrasjonen ser til at dei vert likt praktisert ved skulane.
4. Det skal visast til fråværsreglementet i skulane sine ordensreglement. Fråværsreglementet skal også følgje som vedlegg til ordensreglementet.
5. Leiar vert i samråd med fylkesordførar og Elevorganisasjonen bedd om å orientere Stortinget sin utdanningskomitè om dei praktiske følgjene (vanskane) av det nye reglementet, og mellom anna få avklart om det er samsvar mellom vedtaket i Stortinget 14. juni om å oppheve fråversgrensa på 10 prosent, og forskrift vedtatt av Kunnskapsdepartementet 23. juni om innføring av 10%-regel med visse unntak. Vidare viktigheit av likebehandling mellom fylka, sett i lys av av fritt skulevalg over fylkesgrensene.

Trude Brosvik (KrF) kom med følgjande tillegg til punkt 5 i fellesframlegget frå hovudutvalet for opplæring:

Hovudutval for opplæring i Sogn og Fjordane søker departementet om å få utarbeide og opprette ei forsøksordning der køyreopplæring kan leggst inn i undervisinga i vidaregåande skule, t.d. som organisert studiearbeid. Eller at dei vidaregåande skulane i fylker er del av eit forsøk der køyreopplæringa, ev. deler av ho, får status som godkjent fritak.

Avrøysting:

Det vart stemt høvesvis mellom tilrådinga frå fylkesdirektøren og framlegget frå hovudutvalet for opplæring. Framlegget frå hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedteke.

Vidare vart det stemt over tilleggsframlegget frå Trude Brosvik. Framlegget fekk to stemmer, Sonja Merethe Øvre-Flo (H) og Trude Brosvik (KrF) og fall.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. HO vedtek det reviderte fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane slik det kjem fram av vedlegget 1.
Tilføyning til punkt 4 a)
Obligatorisk kurs i glattkjøring, langkjøring og oppkjøring til førerprøva vert å rekne som lokal velferdsgrunn (obligatorisk del av kjøreopplæringa.)
2. Fråværsreglementet skal gjelde frå 1.8.2016
3. For kravet til dokumentasjon må skulane utarbeide rutinar i samarbeid med aktuelle samarbeidspartar. Ein må sjå til at rutinane vert så smidige at dei ikkje belastar nokon av partane meir enn nødvendig. Administrasjonen ser til at dei vert likt praktisert ved skulane.
4. Det skal visast til fråværsreglementet i skulane sine ordensreglement. Fråværsreglementet skal også følgje som vedlegg til ordensreglementet.
5. Leiar vert i samråd med fylkesordførar og Elevorganisasjonen bedd om å orientere Stortinget sin utdanningskomité om dei praktiske følgjene (vanskane) av det nye reglementet, og mellom anna få avklart om det er samsvar mellom vedtaket i Stortinget 14. juni om å oppheve fråværs grensa på 10 prosent, og forskrift vedtatt av Kunnskapsdepartementet 23. juni om innføring av 10%-regel med visse unntak. Vidare viktigheit av likebehandling mellom fylka, sett i lys av av fritt skulevalg over fylkesgrensene.